



STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Søndre Kaastad Sørsdal, 5557 2304

Løyve etter forureiningslova for driftsfasen av E134 Røldal-Seljestad for Statens vegvesen i Ullensvang kommune

Statsforvaltaren i Vestland gir Statens vegvesen løyve til utslepp av overvann og reinsa tunnelvaskevatt etter forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet med tilhøyrande vilkår følger vedlagt. Løyvet gjeld frå dags dato.

Vi viser til søknad om utsleppsløyve datert 24. april 2023 og løyve gjeve av Statsforvaltaren 8. november 2023 til utslepp frå anleggsverksemd i samband med bygging av E134 Røldalstunnelen, løyvenummer 2023.0895.T.

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve etter forureiningslova til permanent utslepp i driftsfasen frå E134 – Røldalstunnelen - Seljestad i Ullensvang kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11 jf. § 16. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet



Vedtak om gebyr for sakshandsaming


Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 38 900 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Om søknaden

Planlagd reinseløysning

Statens vegvesen søker om permanent utsløppsløyve til driftsfasen av E134 Røldalstunnelen i Ullensvang kommune i søknad datert 24. april 2023.

I Røldalstunnelen skal det etablerast ein drensleidning for reint innlekkasjevattn og ein overvassleidning med sandfangkummar med maksimum avstand på 80 meter. Nesten heile tunnelen vil ha fall mot Liamyrane i sør. Planlagd frekvens for vask av tunnelen er ein fullvask i året, i tillegg til ein mindre vask av teknisk utstyr. Det er estimert ein ÅDT i tunnelen på 4 000. Det vert utsløpp av tunnelvatn frå begge tunellutløpa.



Figur 1 Oversiktskart Røldalstunnelen – utsløpp av ca. 20 % av tunnelvatnet mot Seljestad (Seljestadelva) i nord og ca. 80 % av tunnelvatnet mot Liamyrane (Storelva) i sør



Søknaden omfattar ein risikovurdering for utslepp av reinsa tunnelvaskevatt til føreslåtte utsleppspunkt basert på estimert årleg produksjon av ulike miljøgifter ut frå vegens ÅDT og ei vurdering av resipientanes tilstand. I fagnotat¹ er det beskriven at det skal etablerast eige system for reint innlekkasjevatt som kan gå rett til resipient, og eit eige system for overvatt og tunnelvaskevatt som skal gå via reinseanlegg til resipient. Det er også forslag til grenseverdiar for utslepp av ulike parametere og forslag til måleprogram

I driftsfasen av veg og tunnel vil suspendert stoff, oljesambindingar, mikroplast, vegsalt, metall og andre organiske miljøgifter vere dei dominerande påverknadsfaktorane. Grunna potensiale for høge verdiar av metall og organiske miljøgifter (PAH) må reinseanlegga etablerast med løysningar for å reinse desse stoffa i høgare grad enn det som tradisjonelt blir fjerna ved sedimentering i sedimentasjonsbasseng. Reinseløysningar skal prosjekterast slik at det er mogleg å ta prøver av vatnet før utslepp.

I søknaden blir det opplyst at det ikkje skal nyttast såpe ved tunnelvask, og at det difor ikkje vil vere naudsynt å overvake for såperesetar i driftsfasen. Dersom det i framtida blir aktuelt med såpevask skal det gjerast ein ny vurdering av utsleppet, og det må utarbeidast ny risikovurdering som grunnlag til eventuell endring av permanent utsleppsløyve.

Om vassførekomstane, prøvetaking og utsleppsgrenser

Planlagt utslepp av tunnelvatt er til Storelva bekkefelt (036-181-R) for dei 10 km av tunnelen som drenerer mot Liamyarne i sør (ca. 80 %), og Seljestadelva Støselva – Løyningselva (048-160-R) for dei 3 km av tunnelen som drenerer mot Seljestad i nord (ca. 20 %), jf. figur 1.

Storelva Bekkefelt er i Vann-Nett karakterisert som svært kalkfattig, svært klar elvetype (R301c²). Økologisk tilstand er god med lav presisjon og udefinert kjemisk tilstand. Vassførekomsten er forventa å oppnå miljømåla gjennom planperioden (2022-2027). Bekkefeltet er òg omfatta av eit beskytta område, "Suldaslågen", som er beskytta iht. lakse- og innlandsfiskelova § 7. Utsleppet skal gå til ein sidebakk til Storelva. Statens vegvesen vurderer å ikkje sleppe ut reinsa vaskevatt i periodar med låg vassføring i sidebekken til Storelva truleg er svært liten.

Seljestadelva er 2,9 km lag, og karakterisert i Vann-Nett som svært kalkfattig, svært klar elvetype (R201c). Økologisk tilstand er moderat med lav presisjon, med udefinert kjemisk tilstand. Vassførekomsten har utsett frist for å oppnå miljømåla, jf. § 9 i vassforskrifta. Risiko for å ikkje oppnå miljøtilstand er sur nedbør. Elva er i liten grad påverka av forureining frå husdyr og i middels grad påverka av sur nedbør. Elva er delvis innanfor beskytta område, "Støselva", som er beskytta iht. drikkevassforskrifta. El-fiske gjennomført av Rådgivende Biologer i 2014 viser registreringar av aure i Seljestadelva.

I driftsfasen skal det tas prøver i resipientane oppstraums og nedstraums av utsleppspunkta og det skal tas prøver av vatnet ut frå reinseanlegga. Føreslegne grenseverdiar ut frå reinseanlegga er vist i tabell 1.

¹ Rensing av tunnelvann og deponi. Asplan Viak 22. september 2017.

² Klassifisering av type vannforekomster, kalt "norsk type", ref. Veileder 02:2018 Miljødirektoratet



Tabell 1. Oversikt over prøveparametre, foreslagne grenseverdier og frekvens av prøvetaking.

Parameter	Grenseverdi	I resipient	Renseanlegg, ved utløp
Suspendert stoff	50 mg/l	Prøvetaking i resipient oppstrøms og nedstrøms utslippspunkt etter utslipp fra hver hel- og halvvaske.	Prøvetaking i utløpet av renseanlegg før utslipp. Dersom grenseverdier for suspendert stoff og olje ikke er tilfredsstillt må vaskevannet ikke slippes ut i resipient, alternativt må utslippet skje over en vesentlig lenger tid slik at konsentrasjonen i bekken reduseres vesentlig.
Olje C10-C40	5 mg/l		
pH	6 - 8		
As	0,5 µg/l		
Cd	0,45 µg/l		
Cr	3,4 µg/l		
Cu	7,8 µg/l		
Ni	4,0 µg/l		
Pb	1,2 µg/l		
Zn	11 µg/l		
PAH	-		

Saksgang

Søknaden vart sendt på høyring til aktuelle høyringsinstansar og den vart også publisert i lokalavisa og på nettsida til Statsforvaltaren. Frist for å gje uttale var 18. august 2023. Aktuelle høyringsinstansar var Ullensvang kommune, Røldal Grunneigarlag, Etne Beitelag, og Norsk Hydro.

Det vart ikkje motteke fråsegn frå nokon i samband med høyringsrunda, heller ikkje frå Ullensvang kommune etter puring.

Rettsleg grunngjeving for løyve

Forureiningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen setje i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8, er regulert i ei forskrift etter § 9, eller er tillate etter vedtak i medhald av § 11.

Statsforvaltaren har vurdert forureiningspotensialet utslippet representerer og potensielle brukarkonfliktar, og har funne at tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 11.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta inneheld forplikande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.



Avgrensning mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Arbeidet skal utførast i samsvar med følgjande reguleringsplan: PlanID: 12282016004 Reguleringsplan for E134 Vågsli – Seljestad. Parsell Røldalstunnelen – Seljestad

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta. Når Statsforvaltaren vurderer om utslepp av tunellvaskevatt frå nye veganlegg krev eige løyve etter forureiningslova vurderer vi vegens ÅDT (årsdøgntrafikk), planlagd vaskefrekvens, resipientanes sårbarheit mm.

Grunngjeving for valde vilkår og krav

Tunellvaskevatt kan innehalde forureiningar som vegstøv, tungmetall, miljøgifter (som PAH₁₆, olje, ftalatar mm.). Forureiningane kjem frå bremsar, dekk (mikroplast), katalysatorar, karosseri, forbrenningsrestar, olje- og bensinsøl, slitasje frå veg (asfalt), vegsalt og eventuelle vaskemiddel. Over tid vil forureiningar samle seg opp inne i tunnelen og være meir konsentrert, og ved tunellvasking kan dette føre til uønskt utslepp av forureining om det ikkje blir handtert på ein forsvarleg måte.

Vi forventar at mykje av forureininga frå tunnelvask vil være partikkelbunden og knytt til vegstøv. Dette gjeld særleg tungmetall og organiske miljøgifter. Det er derfor viktig at Statens vegvesen har gode rutinar ved vasking av tunnel, optimaliserer vaskefrekvensar og gjer andre nødvendige tiltak for å unngå forureina utslepp til vatn og vassdrag i samband med vasking og anna vedlikehaldsarbeid.

Statsforvaltaren har gjennom vår behandling av søknaden gjort ei vurdering av dei ulike komponentane som kan forventast å oppstå i driftsfasen av 134 Røldalstunnelen, og den påverknaden ein kan forvente at desse har på resipientane i området. Utsleppskomponentane er vurdert i samsvar med prinsippa i naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12 og vassforskrifta §§ 4 og 12.

Utslepp til vann

Utslepp av reinsa tunnelvatn skal gå til Storelva Bekkefelt og Seljestadelva Stølselva – Løyningseelva gjennom tilstrekkeleg dimensjonert reinseanlegg. Statsforvaltaren har vurdert Statens vegvesen sin sårbarheitsanalyse og risikovurdering, og vi deler deira syn sårbarheita til resipientane. Utslepp av tunnelvaskevatt skal ikkje skje når det er lite vassføring i resipientane. Statsforvaltaren er i hovudsak einig med søkjars miljørisikovurdering og dei føreslegne grenseverdiane. Når tunnelvaskevattet overheld krav til grenseverdier regulert gjennom dette løyvet, vurderer vi potensiale for miljøskade til å vere låg.

Tilførsel av mikroplast frå blant anna bildekk og vegmaling med plaststoff har fått auka fokus dei siste åra. Det er lite forskning om påverknaden av desse utsleppa til vatn og vassdrag. Mikroplasten kan innehalde miljøgifter, men kan også binde til seg ulike typar miljøgifter og kan medføre skade for organismar som får i seg mikroplasten. Det blir opplyst i søknaden at Statens vegvesen har fleire pågåande forskingsprosjekt for å sjå på førekomsten av mikroplast i vegvatn. Foreløpige funn, i forskingsprosjekt gjennomført av NIVA, indikerer at mikroplast i stor grad blir halde tilbake ved sedimentasjon.

Med bakgrunn i føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, meiner vi at Statens vegvesen gjennom prøvetaking og analyse må vurdere mikroplastutsleppet i reinsa tunnelvatn og eventuelt vurdere tiltak



for å avgrense utslippet av mikroplast, basert på analyseresultat og resultat frå pågåande forskingsprosjekt.

Under tunnelvasken er det viktig at reinseløysinga fører til at partiklar i vaskevatnet kan sedimentere, slik at mykje av dei miljøskadelege stoffa frå tunnelen sedimentere. Statsforvaltaren føreset at reinseløysinga blir prosjektert slik at dei fungerer etter hensikta slik at utslippet ikkje medfører nemneverdig skade på av vassførekomstane. Dette reduserer bruken av kjemikalium, og dermed også risikoen for miljøskadelege utlepp. Vi finn at planlagt reinseløysing for tunnelvatn er hensiktsmessig i høve til omfanget og påverknad som utslippet vil ha. Vi vurderer at forventa utleppsmengdene- og konsentrasjonane er ikkje er venta å vesentleg endre den samla belastinga til resipientane, jf. naturmangfaldlova §§ 10 og 12. Vi kan ikkje sjå at utslippet av reinsa tunnelvatn vil kunne føre til ein reduksjon i vassførekomstane sin tilstand eller ha ein negativ påverknad for å oppnå miljømålet, jf. vassforskrifta § 4. Statsforvaltaren har valt å fastsette grenseverdiar for pH, suspendert stoff, oljeforbindingar og metall i det reinsa tunnelvaskevatnet i samsvar med søknad. Målepunktet for analysane skal vere ut frå reinseanlegga før utlepp til resipient, og oppstraums og nedstraums for utslippspunkter. Sjølv om Statsforvaltaren ikkje fastset grenseverdiar for andre organiske miljøgifter, mikroplast eller saltar, forventar vi at relevante parametrar inngår i prøvetakingsprogrammet som omfattar reinsa tunnelvaskvatn.

Vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Rådgivende Biologer gjennomføre el-fiske og registrering av naturmangfaldverdiar i området i 2014, i samband med ny E134 - Haukelifjell og Seljestad. I samband med søknaden ble det føreteke et grundig søk i relevante databasar etter informasjon om naturverdiar. Det er òg gjennomført vurdering av resipientane som kan bli påverka av tiltaka. Dette inkluderer beskriving av biologisk mangfald og naturressursar, risikovurdering med omsyn på miljøgifter, vasskvalitet, m.m.

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfoldloven § 8.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga i naturmangfaldlova § 10 gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. Naturmangfaldlova § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak. Ellers viser vi til vurderingane våre og grunngevingar ovanfor under *Grunngjeving for valde vilkår og krav*.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

Vi meiner at dersom tunnelvaskevatnet overheld grenseverdiar fastsett i dette løyve, og utlepp skjer slik som skildra i søknaden, så vil tiltaket ikkje føre til at økologisk og kjemisk tilstand vert forverra.

Endring og omgjerung

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utlepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra



i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gjeve løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngjeve, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:
Ullensvang kommune
Statens vegvesen v/Rolf Hjelmtvedt

Opheimsgt. 31 5750 ODDA



Løyve etter forureiningslova for driftsfasen av E134 Røldal-Seljestad tunnelen for Statens vegvesen i Ullensvang kommune

Statsforvaltaren gir Statens vegvesen løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 24. april 2023 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år etter at tunnelen er i drift skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventta oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	Statens vegvesen
Postadresse	Postboks 1010 Nordre Ål
Kommune og fylke	2605 Lillehammer
Organisasjonsnummer/ eigd av	970 032 081

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2024.0247.T	4618.0175.01	2023/6328

Løyve gitt første gong: 12. april 2024	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør		Sondre Kaastad Sørsdal rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar



Innhald

1	Rammevilkår	4
1.1	Omfang	4
1.2	Varsel om oppstart	Feil! Bokmerke er ikke definert.
2	Generelle vilkår	4
2.1	Utsleppsavgrensingar	4
2.2	Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg	4
2.3	Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
2.4	Tiltak ved auka forureiningsfare	4
2.5	Miljøriskovurdering av anleggsarbeida	4
2.6	Ansvar	5
2.7	Erstatningsansvar	5
2.8	Sakshandsaming etter anna lovverk	5
3	Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining	5
3.1	Internkontroll	5
3.2	Beredskapsplan	5
3.3	Varsling om akutt forureining	6
4	Utslepp til vatn	6
4.1	Reinsing av utslepp	6
4.2	Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegg	6
4.3	Utslepp av tunnelvaskevatt	6
4.4	Utsleppreduserande tiltak	7
5	Kjemikal	7
6	Avfall	8
6.1	Generelle krav	8
6.2	Handtering av farleg avfall	8
6.3	Handtering av slam frå reinseanlegg og botnrensk frå tunnel	8
7	Kontroll- og overvaking	8
7.1	Plan for kontroll og overvaking	8
7.2	Utsleppskontroll	9
7.3	Kvalitetssikring av målingane	9
7.4	Program for utsleppskontroll	9
8	Tilsyn	10
Vedlegg 1	Liste over prioriterte miljøgifter	11



1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet omfattar driftsfasen – utslepp av reinsa tunnelvaskevatt frå E134 Røldal-Seljestad tunnelen i Ullensvang kommune.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlingen, eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av dei prioriterte miljøgiftene oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i spesifikke vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.4 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.5 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida

Dei løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.



Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.6 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.7 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta¹. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova² og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

¹ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)

² Produktkontrollova av 11.06.1979 nr 79



3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

4 Utslepp til vatn

4.1 Reinsing av utslepp

Verksemda skal etablere reinseløysningar og avbøtande tiltak for å redusere utslepp av partiklar, partikkelbunden forureining og olje slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet, jamfør dei fastsette grenseverdiane i 4.3.

Reinseløysningar skal dimensjonerast basert på best tilgjengeleg fagkunnskap og teknikk. Reinseanlegga skal vere dimensjonert for maksimal reell vassmengd og tilstrekkeleg opphaldstid, og de skal ha tilfredsstillande sikring mot akuttutslepp. Ekstreme vêrforhold må vere inkludert i risikovurderinga og beredskapsplanen. Dokumentasjon om dimensjonering av reinseanlegget skal vere tilgjengeleg ved kontroll eller førespurnad frå forureiningsmyndigheitene.

4.2 Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegg

Det skal utarbeidast drifts- og tømmerutinar for reinseanlegga. Bassengene skal rutinemessig tømast for sand, olje og slam slik at nødvendig opphaldstid alltid overhaldast. Kritisk slamnivå som sikrar anleggets funksjon skal merkes og vere synleg, det skal også vere mogleg å måle slamnivå i bassenget. Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegga skal kunne vises fram ved ein eventuell kontroll.

4.3 Utslepp av tunnelvaskevatt

Reinseløysningane skal vere dimensjonert slik at dei sikrar tilstrekkeleg reinsing av suspendert stoff, tungmetall, og PAH. Det skal gjennomførast vurderingar av reinsegrad for ulike reinsemetodar slik at utsleppet ikkje overskrid tilstandsklasse³ 2 for tungmetall og for dei ulike PAH₁₆ komponentane ved dimensjonering av reinseløysing. Prøvene skal tas ved utløpet til reinseløysningar under tunnelvask, og oppstraums og nedstraums for utsleppspunkta. Tunnevaskevatt skal ikkje gå til utslepp i resipient viss grenseverdiane ikkje er tilfredsstilt. Alternativt må utsleppet skje over ein vesentleg lengre tid slik at konsentrasjonen ved utsleppspunktet blir redusert

Tabell 1: Grenseverdier for utslepp reinsa tunnelvaskevatt til resipient.

Parameter	Grense ut frå reinseanlegg	I resipient	Reinseanlegg - ved utløp
Suspendert stoff	50 mg SS/liter	Prøvetaking i resipient oppstraums og nedstraums for utsleppspunkt etter utslepp frå kvar hel- og halvvaske.	Prøvetaking i utløpet av reinseanlegget før utslepp.
Olje (C10 - C40)	5 mg/liter		
pH	6 - 8		
As	0,5 µg/l		
Cd	0,45 µg/l		
Cr	3,4 µg/l		
Cu	7,8 µg/l		

³ Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota, tabell 3.1. M-608/2020 Miljødirektoratet



Ni	4,0 µg/l		
Pb	1,2 µg/l		
Zn	11 µg/l		
Dei ulike PAH ₁₆ komponentane	Lågare enn øvre grense TK2 ⁴ (PNEC)		

For metall skal grenseverdiane vurderast ut frå analyse av filtrert⁵ prøve.

4.4 Utsleppreduserande tiltak

Feiing

- Feiestøv skal handterast i samsvar med gjeldande regelverk for næringsavfall

Krav til reinseanlegg

- Reinseanlegga for tunnelvask skal være tilstrekkeleg dimensjonert – minimum ein heilvask og ein tankbilvelt, inkludert spylevatn.

Drift og vedlikehald av reinseanlegg

Statens vegvesen skal utarbeide rutinar for drift og vedlikehald av reinsesystema. Rutinane skal inngå i verksemda sin internkontrollsystem og skal føreligge skriftleg. Rutinane må minimum omfatte en skildring av:

- Prøvetaking
- Tømmerutinar for slam og olje
- Inspeksjon
- Kontroll av funksjon, irekna styringsparametere, oljefilm, overløp og alarmer .

Utsleppspunkt og utsleppsmengder

Statens vegvesen skal vurdere:

- Resipientens sårbarheit i tidsperioden tunnelvaskevattnet går til utslepp, herunder om det skal unngås vasking i periodar med låg vassføring i sidebekk til Storelva.
- Resipientens sårbarheit knytt til utslippsmengde per tidseinheit under utslepp frå reinseløysningane

5 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i tiltakshavar, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slike måte at det kan føre til fare for forureining, skal tiltakshavar dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon. Se også punkt 3.1 om internkontroll.

⁴ Tilstandsklasser i ferskvann, tabell 3.1. Veileder M 608/2020

⁵ Klassifisering av miljøtilstand i vann Veileder 02:2018 Miljødirektoratet, pkt. 11.6 Klassifisering av vannprøver.



Tiltakshavar pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Tiltakshavar skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar tiltakshavar å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe⁶.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁷ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

6 Avfall

6.1 Generelle krav

Tiltakshavar pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Tiltakshavar pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

6.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarerer.no.

6.3 Handtering av slam frå reinseanlegg

Slam frå reinseanlegg frå tunnel vert rekna som næringsavfall som skal handterast i tråd med forureiningslova § 32. Det skal takast prøvar av slammet. Dersom analyser viser at konsentrasjonen av helse- og/eller miljøfarlege stoff ligg under normverdiane gitt i forureiningsforskrifta kapittel, vedlegg 1, så kan massane disponerast i tråd med Miljødirektoratets rettleiar⁸ M-1243. Dersom innhaldet over normverdiane, skal massane leverast til lovleg avfallsanlegg.

7 Kontroll- og overvaking

7.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvaksingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreining av forureining frå tiltaket. Kontroll- og overvaksingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

⁶ Jf. lov om kontroll med produkt og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

⁷ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

⁸ Mellomlagring og sluttdisponering av jord- og steinmasser som ikke er forurenset. Miljødirektoratet M-1243/2018



7.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utslepp til vatn ved å gjennomføre målingar. Målingane skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal omfatte:

- Utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdier fastsette i tabell 1 under punkt 4.3 i løyvet.
- Utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig betydning og som blir omfatta av rapporteringsplikta. Her inkluderer det relevante metall, eventuelle såpeforbindingar, olje, organiske miljøgifter, salt og mikroplast i reinsa tunnelvaskevatt.

Verksemda skal velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita ved prøvetaking og analyse til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøvar.

7.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda har ansvaret for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra, blant anna ved å:

- utføre målingane etter norsk standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard bli nytta. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i så fall dokumentere at særlege omsyn føreligg og at den valde metoden gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- nytte akkrediterte laboratorium for analyse.
- regelmessig vurdere om plasseringa av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøvar. Denne vurderinga skal utførast av fagkyndig tredjepart.
- regelmessig utføre kontroll og kalibrering av måleutstyr.

7.4 Program for utsleppskontroll

Bedrifta skal ha eit program for utsleppsprogram som er ein del av verksemda sin internkontroll.

I programmet skal verksemda forklare dei kartlagde utsleppa, gjennomføringa av utsleppskontrollen og kvalitetssikring av målingane. Programmet for utslippskontroll skal innehalde:

- ein forklaring på verksemda sine faktiske utslepp til vatn med ei vurdering av volum og innhald.
- ei skildring av dei ulike stega i målingane (prøvetaking – analyse – reknemåte) for kvar komponent.
- ei skildring av måleutstyret som blir nytta til målingar, samt frekvens for måleutstyrs-kontroll og kalibrering.
- ei grunngjeving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens).
- ei skildring av valde metodar/standardar for analyse.
- UTM-koordinatar for utsleppspunkt frå reinseanlegg og utsleppspunkt til resipient.

Programmet for utslippskontroll skal haldast oppdatert.



8 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.



Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 4.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloretan	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkyfenolar og alkylfenoletoksyilat

Nonylfenolar og nonylfenoletoksyilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksyilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP



Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon**PAH****Ftalat**

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A**BPA****Siloksan**

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Organiske UV-filter

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
3-benzylidene-1,7,7-trimethylbicyclo[2.2.1]heptan-2-one	3-BC